

Søknad om

SERVERINGSLØYVE

Rettleiing til utfylling av søknaden

1. LØYVETYPE

Kommunen skal ha informasjon dersom det er endringar i verksemda, for eksempel ny dagleg leiar eller nye eigarar eller eigartilhøve. Dersom verksemda er overdratt, skal informasjon om den tidlegare eigaren fyllast ut.

2. DEN SOM SØKJER LØYVE

Fyll ut enten punkt A eller punkt B.

Den som søker løyve, er «den som driv verksemda for si rekning». Dette kan enten vere ein fysisk person (punkt A) eller ein juridisk person som t.d. eit ansvarleg selskap, eit aksjeselskap eller ein samskipnad (punkt B). Vedkomande er direkte ansvarleg for dei økonomiske og juridiske pliktene knytta til drifta av verksemda (jf. servl. § 3).

Løyvehavar, dagleg leiar og personar som har vesentleg innverknad på verksemda, må ha vist uklanderlegandel i høve til straffelovgivinga, skatte- og avgiftslovgivinga, rekneskapslovgivinga, lov om forbod mot diskriminering på grunnlag av etnisitet, religion mv. Personar som er nemnde i første punktum, må heller ikkje ha brote lova i høve til anna lovgiving på ein måte som vil vere i strid med drift av serveringsstad.

Person som eig ein vesentleg del av ei verksemd eller av eit selskap som driv verksemda, eller som får ein vesentleg del av overskotet i selskapet eller i kraft av si stilling som leiar har vesentleg innverknad på den, vil alltid bli rekna å ha vesentleg innverknad på verksemda.

Ved vurderinga av vandelen til løyvehavar og til andre personar etter første ledd, kan det ikkje takast omsyn til tilhøve som er eldre enn fem år (jf. serveringslova § 6, jf. § 7).

3. EIGARTILHØVET VED SERVERINGSSTADEN

Fyll ut punkt A og ev. punkt B.

A. Her skal ein oppgi oppbygginga av det reelle, underliggjande eigartilhøvet; den formelle strukturen er ikkje avgjerande. Det vurderast konkret kven som har den faktiske innverknaden over drifta, og både direkte og indirekte eigarskap reknast med.

B. Her skal ein oppgi ev. opplysningar om personar som formelt ikkje er eigarar av driftsselskapet, men som likevel får ein vesentleg del av inntektene frå serveringsstaden. Det vil seie at vedkomande har rett på inntekt, uavhengig av kva slags grunnlag dette byggjer på. Det er ikkje avgjerande om inntekta er utdelt eller motteken.

4. DAGLEG LEIAR

Kvart løyve skal ha ein fysisk person som dagleg leiar som kommunen må godkjenne. Vedkomande må ha fylt 18 år og og elles ha det reelle ansvaret for den daglege drifta av serveringsstaden.

Berre den som har det reelle ansvaret for og innverknad på den daglege drifta av serveringsstaden kan utpeikast som dagleg leiar. Dagleg leiar vil fungere som kontaktperson for tilsette, kundar, offentlege organ og andre som treng å kome i kontakt med ein ansvarleg person ved serveringsstaden (jf. servl. § 4).

Dagleg leiar må ha gjennomført etablerarprøva (jf. servl. § 5).

Ein kan nekte løyve dersom styraren ikkje oppfyller dei krava som blir stilte til han.

5. SERVERINGSSTADEN

Her gis opp namn og adresse til serveringsstaden, gnr/bnr for eigedomen der serveringsstaden er lokalisert, samt telefonnummeret til staden.

Gi under driftsplan for serveringsstaden ei orientering om kva for tilbod staden har til gjestane. Kryss av i ein av rubrikkane, og dersom ikkje alternativa er dekkjande, gi opplysningar under punktet «Anna». Ein skal gi ei utgreiing av utforminga av staden, ev. plassering av bar, meny, ute-/inneservering og andre tilbod. Vidare skal det opplysast om kva slags gjestar tilbodet rettar seg mot, t.d. fastbuande, turistar, kurs- og konferansar, ungdom, vaksne osb. Dersom staden blir presentert med ulike konsept på ulike tider av døgnet, skal ein oppgi det.

6. EIGAR AV DEN FASTE EIGEDOMEN

Her skal ein gjere greie for kven som er eigar (formelle og andre eigarar) av den faste eigedomen/bygninga der serveringsstaden er lokalisert.

7. TILKNYTNING TIL ANNA VERKSEMD FOR SENTRALE PERSONAR

Dersom nokon av personane som er nemde under punkta 2, 3, og 4 ovanfor

- * har eigd/kontrollert eller drive andre føretak
- * har vore styreleiar, dagleg leiar eller nestleiar i andre føretak,

skal ein oppgi stillinga til vedkomande og namnet på føretaket der verksemda er driven (jf. servl. § 6 når det gjeld krav til vandel).

VEDLEGG som bør følgje søknaden:

1. For alle selskap som er involverte i drifta av serveringsstaden, skal det leggjast ved attest som viser at firmaet er registrert (Brønnøysund).
 2. Det skal leggjast ved skatteattest for dei som kontrollerer drifta av serveringsstaden, dvs.:
 - * den som søker løyve
 - * den/dei som eig ein vesentleg del av selskapet som driv serveringsstaden
 - * person(ar) som ikkje er formell eigar, men som tek i mot ein vesentleg del av inntektene frå serveringsstaden
 - * den personen som i kraft av stillinga som leiar har vesentleg innverknad på drifta av serveringsstaden.
- Skatteattesten skal vere basert på skjema RF-1244 fastsett av Skattedirektoratet.
3. Planskisse over serveringsarealet innandørs og ev. utandørs. Skissa skal vere påført mål og vise plassering av bar/serveringsdisk. For utandørs servering skal plassering i forhold til omgjevnadene visast og korleis området er avgrensa.
 4. Dokumentasjon på korleis styrar og nestleiar er tilknytta serveringsstaden.
 5. Stadfesta kopi av attesten til styraren på etablerarprøva.
 6. Bruksløyve frå bygningsmyndigheita.
 7. Utskrift av aksjeigarbok med samtlege involverte aksjonærar, med eigartilhøvet stadfesta av selskapets revisor
 8. Kopi av Meldeskjema til Mattilsynet, med stadfesting
 9. Stadfesting frå MVA-manntalet (Fylkesskattekontoret).
 10. Dokumentasjon av at tilsette er registrert i arbeidstakerregisteret (NAV) og har lovleg arbeidskontrakt, samt at det er teikna yrkesskadeforsikring for desse (forsikringsselskapet).
 11. Atkomstokument med råderett over lokalet, t.d. skjøte, leigekontrakt etc.
 12. Plan for finansiering
 13. Drifts- og likviditetsbudsjett